

## Områdeavgrensing og områdeutval Hordaland – moment til diskusjon

Med bakgrunn i høyringsfråsegner og egne vurderingar har vi følgjande skissemessige problemstillingar/forslag til endringar som vi ønskjer å diskutere på møte 16.10.2015.

### Indre farleia, Austrheim, Lindås og Radøy kommunar

Radøy kommune har peikt på at det trengs ei vurdering av avgrensinga, med betre tilpassing til terrenget.

Austrheim kommune meiner Indre Farlei bør få ei avgrensing til 100-metersbeltet i strandsona eller ei meir funksjonell strandsona.

RA si vurdering: 100-metersgrense trur vi ikkje på som ei løysing, men ser behov for tilpassing. Vi meiner avgrensinga nord-sør er grei. Vi har spørsmål om kvifor ikkje fjordbotnen i Lurefjorden er med.

### Byfjellene, Bergen kommune

Høyringsfråsegn frå kommunen manglar. Avgrensinga er grundig diskutert på synfaring m.m. Einaste spørsmålet er om grunngevinga for å ha med Våkendalen er god? Kjem ikkje fram i teksten kvifor.

### Fitjarøyane, Fitjar og Bømlo kommunar

Fitjar kommune: Området på sjølve Stord-øya (rundt Fitjar sentrum) er ikkje ein naturleg del av Fitjarøyane og bør takast ut av eit eventuelt område. To alternative løysingar:

- Grense langs strandlinja aust for Fodno, rundt Kalveid og deretter langs sjølinja vest for Kråko.
- Subsidiært langs fjellryggen over midten av Fodno, over Kalveid og Valberg, deretter vest av Kråko.

Kommunen ønskjer tydeleg å redusere landskapet og slik at areala på hovudøya, inkludert tettstaden vert trekt ut. Det kan vere vanskeleg å skjønne grunngevinga for dei to alternativa deira.

RA ser at det er viktige verdiar på Stordøya, Rimsvarden og Rimbereid garden. Fitjar sentrum mindre viktig. Vi må drøfte dette.

Bømlo kommune: Foreslår område tatt ut – Aga, Agasøster, Rolvsnes og Klubbo på Goddo. Argumenterer med at ikkje naturleg del av Fitjarøyane. Vi må diskutere om det kan vere grunnlag for dette, eller om avgrensinga bør behaldast. Her treng RA meir kunnskap.

### Søre Bømlo, Hespriholmen, Langevåg, Bømlo kommune

Kommunen foreslår avgrensing av området i dialog mellom kommunen og fylkeskommunen. Gjelder bl.a. landskapet i den delen av Langevågsområdet som ligg aust for fylkesvegen med mindre tilknytning til grønnsteinsproduksjonen: Området frå Hovlandshagen industriområde, Langevåg, Vorland til og med Andal. Kommunen hevdar at dette området er mindre vesentlig for grønnsteinproduksjonen og bør takast ut. RA vil gjerne diskutere dette og meiner kommunen har eit poeng. Kva verdiar misser vi ev. ved ei slik avgrensing? Vi er opptatt av muligheten til å formidle innhaldet i dette landskapet.

#### Etne, Etne kommune

Kommunen har ikkje hatt merknader til avgrensinga, men til ønska forvaltning. RA ser likevel behov for å sjå på avgrensinga. Kan det reduserast, kva med tettstaden?

#### Rosendal, Kvinnherad kommune

Kommunen ønskjer å avgrense til landskapsrommet nærast Baroniet. Nemner Guddalen og Snilstveitøy spesifikt som noko som bør ut.

RA vil at vi skal diskutere dette. Vi spør også kvifor ikkje Myrdalsvatnet er med i avgrensinga av Myrdalen. Er avgrensinga i fjella elles grei, synsrande eller meir?

#### Indre Sørfjorden, Odda kommune

Her ser vi at det kan vere behov for justeringar og terrengetilpassingar; grensa i sør trekkast nordover frå Sandvinvatnet? Avgrensingane i fjellsidene?

#### Ytre Sørfjorden, Ullensvang herad

Kan området krympast utan å misse verdiar? Opent spørsmål, kommunen har ikkje foreslått det, men dei ønskjer å drøfte avgrensing og konsekvensar.

#### Eidfjord, Eidfjord kommune

Dette er eit stort og differensiert område. Vi meiner det er behov for å redusere arealet. Området opp mot Sysendalen bør diskuterast, m.m.

#### Forslag frå Ulvik herad om Finse

Kommunen foreslår nytt område, Finse, langt på vei utarbeida forslag.

Infrastruktur og kommunikasjon er sentrale tema i den norske historien. Dette gjeld både til vanns og til lands. Bergensbanen er ein realistisk kandidat basert på historie knytt til jernbane, fjellovergangar (også utover jernbanen) og reiseliv/friluftsliv til fjells. Fortener ei seriøs vurdering. Andre forhold som er relevante: tidleg, eksklusiv turisme. Oppsøking av arktiske forhold, forskning, film osv.

Vi tek ein runde på dette forslaget.